



Nora Hauge Svendsen
Bernesvegen 171
5283 FOTLANDSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1774 - 23/13308

Saksbehandlar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
08.06.2023

Løyve til omdisponering- gbnr 105/4 Bernes

Administrativt vedtak 164/23

Eigedom: Gbnr: 105/4
Tiltakshavar: Nora Hauge Svendsen

Saka gjeld søknad om omdisponering av areal på 60 m² til utviding av fritidsbustad på eigedomen, samt areal for VA med borehol og reinseanlegg. Dette skal tene både fritidsbustad og våningshus, eigar skal bu i fritidsbustad, men på sikt oppgradera våningshus til tenleg bustad. Fritidsbustad skal rivast, ny skal oppførast, i samband med dette vert BYA auka med 60


Planstatus/gardskart mm.:

	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebyggd, samf., vann, bre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
4	0,1	1,4	32,8	49,2	17,9	2,3	0,0	103,7
4	0,1	1,4	32,8	49,2	17,9	2,3	0,0	103,7


Heile eigedomen ligg i LNF, sjå kartutsnitt:



Kart med del av eiegdomen, tun nede til venstre:



Utsnitt Situasjonsplan:



Uttale:

Eigedomen har 7 bygg i tunet, eit er fritidsbustad, eit våningshus, resten er driftsbygningar.

Tiltaket ved hytta ligg i anna areal, VA-anlegg ligg i hovudsak på beite

Vurdering

Arealet/areala er definert som anna areal, bygd areal og beite i AR5. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om omdisponering etter jordlova.

Omdisponering etter jordlova § 9

I jordlova § 9 1.ledd står det «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon.

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verna produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserande areal.

I jordlova § 9 2.ledd er det opna for å gje dispensasjon frå 1.ledd i særlege høve der «det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika»

Ordlyden «særlege høve» understrekar alvoret kring jordvernet, det vil sei å sikre matproduserande areal for framtidige generasjonar.

Ein kan gje samtykke til dispensasjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 2.ledd er det sagt kva omsyn som skal tilleggas vekt ved vurderinga: «ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon».

Legging av leidningar kan utførast slik at det ikkje vert særlege ulemper for drift av landbrukseigedomen her må takast omsyn til eksisterande og eventuell ny grøfting av areala. Utviding av hytte på 60 m² BYA vert gjort på markslag «anna areal» og vil ha liten innverknad for drift, her er allereie fritidsbustad her i dag.

Heile tiltaket vert utført for at eigar skal busetje seg og drive jordbruk på eigedomen på sikt, noko som er meir positivt for eigedomen enn dei marginale ulempene tiltaket fører med seg.

Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingane over har kommunen kome fram til at omsyna bak reglane om omdisponering ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av at det vert gjeve løyve til omdisponering av omsøkte tiltak.

Vedtak :

"Kommunen gjev samtykke til omdisponering av areal som omsøkt på gbnr 105/4 med heimel i jordlova §§ 1 og 9.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

Det skal takast omsyn til eksisterande grøfter i leidningstraseen, denne skal heller ikkje medføre at innmark vert vass-sjuk på grunn av tiltaket."

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. §

27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/1774.

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8).

Samtykke til omdisponering fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Sture Helle
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hansen & Eknes As

Saltverket 5283
Osterøyvegen
2514

FOTLANDSVÅG

Mottakarar:

Nora Hauge Svendsen

Bernesvegen 171 5283

FOTLANDSVÅG